



**Bok på 1-2-3, Tid for ti
og Nynorsk bok.no**



Kva er Bok på 1-2-3?

- Tverrfaglege undervisningsopplegg til gode, nynorske bøker
- Prega av leik, undring og læreglede
- Enkle å ta i bruk i klasserommet
- Gratis strøyming innanfor ei periode på 6 månader

Fagleg forankring

- Godt forankra i LK2020
- Verdigrunnlaget i opplæringa
- Dei tverrfaglege temaa i LK2020
- Norskfaget
- Barne- og ungdomslitteratur



- Opplegga dekkjer mange av FN sine berekraftsmål
- Legg til rette for den som lærer norsk som andrespråk
- Støttar interkulturell pedagogikk
- Samarbeid mellom Nynorsksenteret og anerkjente og dyktige forfattarar, kunstnarar og fagpersonar

Ressursane

Bok på 1-2-3 ressursane finn du her:

<https://nynorsksenteret.no/barneskule/lesing/bok-pa-1-2-3>

Til no er det 25 opplegg i satsinga. 12 opplegg har i dag fri strøyming.

Bok på 1-2-3



Tonje Glimmerdal

Av Maria Parr

Illustrert av Åshild Irgens

Tverrfagleg opplegg i norsk, musikk og kunst og handverk.

Tonje Glimmerdal har fått fleire prisar, både i Noreg og i andre land. Boka finst også som lydbok, både i vanleg lydbokutgåve og som lydbok frå NLB.

Boka passar godt som høgtlesingsbok for 1.–7. trinn, og læraren må vurdere kva for nokre av opplegga vi har skissert under, som passar til elevgruppa deira.

Om boka

Tonje Glimmerdal er det einaste barnet i Glimmerdalen. Bestevennen hennar er ein gammal staur som heiter Gunnvald. Han er 74 år og sauebonde.

Ramma for forteljinga er det som hender i Glimmerdalen frå vinterferien til påskeferien dette året då Tonje snart skal fylle ti år. Det skal testast heimesmidde rattkjelkar, takast salto frå Vardetinden, lamma skal komme og Gladiator må flyttast opp i sommarfjøs. Her trengst det fart og sjølvtilitt!

Det er så mykje godt å seie om denne forteljinga. Morosam og spennande. Ei herleg høgtlesingsbok. Tidlaus og klassisk. Men kanskje er det viktigast at boka også er alvorleg, og dei ulike personane har både sterke og svake sider.

Kopling til læreplanen og berekraftsmål

Vi finn støtte for opplegga i LK 2020 i faga norsk, musikk og kunst og handverk og i dei tverrfaglege temaa berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

Dessutan tek boka opp tema som går inn i FN sine berekraftsmål, til dømes god helse og livskvalitet, stoppe klimaendringane og livet i havet.



1 Opplegg for 1.–7. trinn til introduksjonen og kapittel 1

Les introduksjonen og det første kapittelet høgt for elevane.

Snakk saman:

- Kva får vi vite om Tonje Glimmerdal?
- Kva får vi vite om dei andre personane?
- Kva årstid er det?
- Kva får vi vite om Glimmerdalen?

Aktivitet i kunst og handverk

Tonje Glimmerdal er glad i fart og spenning. Har du nokon gong rent så fort på kjelke, akebrett eller ski at det kjennest som om armar og bein er i alle retningar? Denne sprellemannteikninga er slik at du sjølv kan bestemme kva veg armene og beina skal vende, og om Tonje skal vere midt i svevet, med hovudet opp eller ned. Teikn på ansiktsuttrykk som passar. Du kan velje kva mønster og fargar Tonje har på kleda.

På neste side er eit mønsterark til å skrive ut, fargelegge og så klippe ut. Fest kroppsdelane med splittbinders, teiknestift på tavle, eller tre ein tråd med ei perle på gjennom laga med ark, så dei heng saman.



1 Før lesing

(20 minutt)

Vi ser på forsida av boka.

Kor er vi? I fjellet, ute ved havet.

LÆRAREN FORTEL: Naturen ved den ytre kysten kan ha tette, skogfrie grender, bratte stup mot havet og lyngheiar i duse fargar. Viser konkretar.

LÆRAREN SPØR: Kjenner de slike område? Runde, Sandsøya, Haramsøya, Stadlandet, Kråkenes, Vågsøy, Lofoten, Senja, Shetland, Færøyane. Viser konkretar.

LÆRAREN SPØR: Kva lydar kan de førestille dykk i slike område? Kva kan de sjå i slike område? Korleis kjennest stein, mold og lyng ut i handa? Kva luktar havet og naturen ved kysten? Bruk gjerne konkretar.

Kva dyr ser vi? Vi ser ei havørn og ein geitebukk.

LÆRAREN SPØR: Korleis trur du fjørene til ørna kjennest ut? Pelsen til geita? Korleis kjennest det for deg å stryke dei varsamt? Kva kjensler gir det deg?

LÆRAREN FORTEL OG VISER KONKRETAR (fysiske og/eller digitale): Havørn er ein fugleart i haukefamilien. Ho er Noregs største rov-fugl og kan ha eit vengespenn opp mot 2,65 meter og bli opp mot 6,85 kg (konkretiser saman med elevane med vekt og måleband).

Det er hofuglen som er størst. Når havørna er blitt vaksen, er halen/stjerten kvit og nebbet gult. Havørna lever frå Grønland og Island i nord til Irak i sør, og gjennom Sentral-Asia og Nord-Asia til Stillehavet i aust (vis med kart). Havørna hekkar langs kysten frå Finnmark til Oslofjorden, med enkelte par i innlandet. Kva er å hekke?



Skyer

Henta frå Norsk Barneblad

METEOROLOGI

Til alle tider har folk studert himmelen og skyene for å vite noko om veret som kjem. Det har ikkje alltid vore vervarsling på TV og Internett.

Skyene er viktige verteikn. Kan du litt om dei, så kan du litt om veret. Det er seks hovudtypar av skyer:


Cirrus (fjørsky)

Desse skyene ser ut som hestehalar eller brusande fjører. Om vinden kjem frå vest, kan det bety fint ver. Men om vinden kjem frå sørvest, kan du ta fram paraplyen om ein dag eller to. Er himmelen veldig raud når sola går opp og vinden blæs frå sør og det er fjørskyer på himmelen, då er det store sjansar for regn på ettermiddagen.




Altokumulus (ruklesky)

Desse ser ut som små flak, skiver eller heller. Er dei rauda når sola står opp, kan det komme regn og storm.



Altostratus (lagsky)

Desse skyene ser ut som eit slags slør framfor sola.




Stratokumulus (buklesky)

Dette er vinterskyer, så du ser dei neppe i sommar. Men det er greitt å kunne dei likevel. Om dei er mørke-raude når sola går ned, er det eit teikn på dårleg ver. Er dei rosa, kan neste dag bli sånn passe bra.



Kumulus (haugsky)


Dette er også typiske sommarskyer. Dei er flate under med kuppelforma toppar. Når dei ser ut som kvite kremtoppar med mørke skuggar nær botnen, kan vi vente oss fint ver. Men om dei stablar seg oppå kvarandre, eller om vinden kjem frå nordvest mot sør, kan vi vente oss dårleg ver.



Kumulonimbus (bygesky)

Dette er sommar-stormskyer som tårnar seg opp i kraftige skymassar, dei øvre delane har mørke striper som vidar seg ut. Finn tak over hovudet, for no brakar det laus med torever og regn.





Tonje Glimmerdal

- Forfatter Maria Parr
- Illustratør Åshild Irgens
- Undervisningsopplegg i norsk, musikk og kunst og handverk



Ylva og villgeitene

- Forfattar Hilde Myklebust
- Illustrasjon Akin Duzakin
- Undervisingsopplegg i norsk og naturfag



Gullfalken

Ni nye eventyr


Erna Osland

Jenta som flytta eit fjell

- Frå *Gullfalken – Ni nye eventyr*
- Forfattar Erna Osland
- Illustrasjon av Inger Sandved Anfinsen
- Undervisingsopplegg i norsk og musikk
- Tilpassingar som kan høve opp til 10. trinnet + vidaregåande opplæring
- Norsk som andrespråk

Fyrtøyet

- Eventyr av H. C. Andersen.
- Nynorsk omsetjing av Maria Parr
- Illustrasjonar av Svend Otto S.
- Norsk
- Digital kompetanse



KLODE- KLUBBEN

Dei svarte svanene

RUTH LILLEGRAVEN • JENS KRISTENSEN



Dei svarte svanene

- Forfattar Ruth Lillegraven
- Illustratør Jens Kristensen
- Lengre fordjupingsopplegg
- Lysbiletepresentasjon klar til bruk
- Norsk
- Naturfag

Vi ser nærmare på val av metodar

Til deg mellom boka og barnet

- Høgtlesing og munnleg formidling
- Litterær samtale
- Bildebokteori
- Tverrfagleg, praktisk og estetisk
- Digitale metodar

Refleksjon

- Bøker på storskjerm
- Kven kan bildeboka passe for?



Konklusjon: Bok på 1-2-3 er

Engasjerande

Lærerikt

Klar til bruk

Enkle å ta i bruk

Gratis

Legg til rette for tilpassa opplæring

Gjennomtenkt

Gode metodar

Kvalitet

Kreativ

Strukturert og tydeleg

Gode døme

Gå i djupna

Rik

Lærarretteiing | Arkiv !les

10
TID FOR TI

AKTIVITETAR KONKURRANSE LÆRARRETTEIING

Bøkene i Tid for ti 2021
Her ser du ei oversikt over kva slags bøker vi har henta utdrag ifrå i Tid for ti 2021.

LES MEIR

⇒ Tid for ti 2021 ⇐

Eg har venta på deg Atle Hansen	Spådama i 7B Harald Nortun	Rundt jorda og tilbake Inger Johanne Sæterbakk	Ti utrulege oppfinningar Bår Stenvik	Floke Ida Eva Neverdahl

Tid for ti

- Gratis og nasjonal leseaksjon for elevar på 7. trinn
- Antologi med tekstutdrag frå ti gode bøker på nynorsk
- Samarbeid mellom Foreningen !les, Nynorsksenteret og andre nynorskaktørar
- Fleksibel start
- Populær!

- Tekstar
- Lydfiler
- Bonusstoff
- Aktivitetar
- Konkurransar
- Tilpassa opplæring
- Breidde med tanke på sjangrar, ulik vanskegrad
- Noko for alle! Noko nytt å oppdage!
- Haldningsskapande



– Målet er at lesinga skal gje positive opplevingar. Det siste halvåret på 7. trinn er viktig for elevane. Vi har fått tilbakemeldingar frå nokre lærarar om at no gruar ikkje elevane seg til nynorsk på ungdomsskulen lenger. Då føler vi at vi har oppnådd noko viktig

(Ole Ivar Burås Storø, Foreningen !les)



Erfaringar med Tid for ti

Åse Leikanger, lærar ved Dalsfjord skule

- Tema: Å snakke og skrive om litteratur
- Ulike teksttypar
- Breitt utval: dikt, romanar, teikneseriar, spenning, fantasy og fagtekstar
- Språklege verkemiddel (sjangertrekk, vurdere språket, leite etter verkemiddel)

Korleis?

- Lese
- Skrive ned tankar og meiningar kring språket, verkemiddel og korleis ein liker utdraget
- Viktig å kunne grunngi meiningar

- I gruppe: Ein les opp sine tankar rundt teksten. Gruppa supplerer og føyer til, seier seg samd eller usamd og grunngir
- Mål om gode samtalar kring litteratur
- Felles leseoppleving gjennom høgtlesing
- Dvele ved gode samanlikningar, ordbilete, gode skildringar og humor som verkemiddel
- Ei god, felles leseoppleving for livsglede!



Tid for NYnorsk i lærarutdanninga

- <https://nynorsksenteret.no/blogg/tid-for-nynorsk-i-laerarutdanninga>



Konklusjon

Å bidra til å skape eit språkleg medvit allereie på mellomtrinnet er ein god inngangsbillett til ungdomstrinnet. Der skal elevane gå djupare inn i tekstar, vurdere språket, finne språklege verkemiddel og analysere innhald i skjønnlitterære tekstar. Tid for ti bidreg til dette.

Nynorsk bok.no

Eit tilbod frå Nynorsksenteret

- Tips og tilrådingar av gode, nynorskbøker
- Bøker som passar i opplæringa

Inndelingar

- Alder (0 – 3, 3 – 6, 6 – 9, 9 – 12, ungdomsbøker, unge vaksne)
- Kategoriar

NYNORSKBOK.NO

Boktips frå Nynorsksenteret

0-3 3-6 6-9 9-12 UNGDOMSBØKER UNGE VAKSNE OM NYNORSKBOK.NO

Marianne Gretteberg Engedal: Polititjuven



Dette er den andre boka om Kjell og bestevenen Pølse-Per. Kjell, som er fødd inn i ein tjuvefamilie, likte så dårleg å vere tjuv at han slutta med det i den første boka. I *Polititjuven* får vi likevel sjå at eit dårleg rykte ikkje er så lett å bli kvitt. Ein politifamilie flyttar til byen, og politijenta Perit startar i klassen til Kjell og Pølse-Per. Då klassen skal på overnattingstur i skogen, sit Pølse-Per og Perit saman, og han vil gjerne at ho skal bli kjent med Kjell. Det er berre eitt problem. Politijenta Perit ser med ein gong tjuvemaska til Kjell, og skjønar at han er tjuv!

– Er det han du prata om, Pølse-Per? Du sa ikkje at han er ein tjuv.

– Eg er ikkje ein tjuv ...

– Kvifor har du tjuvemaske då?

– Den går berre ikkje bort ...

[Les meir →](#)

Dette innlegget vart lagt inn 10.09.2021 av Irene Åbrekk Kalvatn i 6-9, biletbøker, teikneseriar.

- Bakom boka
- Boklister
- Bok på 1-2-3
- Klart vi les!
- Videoboktips

Det er *Tid for ti!* Ta ei *Bok på 1-2-3!*
Stikk til *Nynorsk bok.no!* Takk for meg.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA